



**SUND KOMMUNE**

# **Lokal forskrift om kommunale gebyr for arealeininga**

## **2018**

GEBYR MED HEIMEL I PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 33-1,  
MATRIKKELLOVA § 32, EIGARSEKSJONSLOVA § 7,  
FORUREININGSLOVA §§ 34 og 52a,  
FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG  
DELINGSSAKER § 2,  
JORDLOVA § 12, KONSESJONSLOVA §§ 2 OG 3

## **FORSKRIFT**

VEDTEKE AV SUND KOMMUNESTYRE

den 09.02.2016

Sist endra i

kommunestyret

12.12.2017

## **INNHALD**

<b>KAP 1 GENERELLE FØRESEGNER</b>	<b>4</b>
§ 1-1 Gebyrfastsetjing	4
§ 1-2 Betalingsplikt	4
§ 1-3 Tidspunkt for gebyrfastsetjing	4
§ 1-4 Betalingstidspunkt	4
§ 1-5 Avslag	5
§ 1-6 Søknader som vert trekt eller returnert	6
§ 1-7 Urimelege gebyr	6
§ 1-8 Klage	7
§ 1-9 Gebyr for sakkunnig bistand	7
§ 1-10 Reduksjon i gebyr for komplett søknad	7
§ 1-11 Gebyr for tid som er brukt. Eigne satsar for saker etter matrikkellova, kap. 5.	7
<b>KAP 2 PRIVATE PLANFORSLAG</b>	<b>8</b>
§ 2-1 Oppstartsmøte og undervegs møte jf. pbl § 12-8	8
§ 2-2 Prinsipp sak om regulerings spørsmål jf. pbl § 12-8	8
§ 2-3 Reguleringsplan, detaljregulering jf. pbl §§ 12-3, 12-10 og 12-11	8
§ 2-4 Ny handsaming av revidert planforslag	9
§ 2-5 Mindre endring i reguleringsplan jf. pbl § 12-14	9
§ 2-6 Små endringar i reguleringsplan jf. pbl § 12-14	9
§ 2-7 Planprogram og konsekvensutgreiing jf. pbl kap. 4.	9
§ 2-8 Tilleggsgebyr ved endring av planforslag	9
§ 2-9 Avslutning av planforslag	10
<b>KAP 3 DELING AV EIGEDOM</b>	<b>10</b>
§ 3-1 Delingssøknad etter jordlova § 12	10
§ 3-2 Delingssøknad etter pbl § 20-1, bokstav m	10
<b>KAP 4 BYGGJESAKER</b>	<b>11</b>
§ 4-1 Førehandskonferanse	11
§ 4-2 Søknadspliktige tiltak som kan utførast av tiltakshavar, jf. pbl § 20-4.	11
§ 4-3 Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.	11
§ 4-4 Dispensasjonar	12
§ 4-5 Ulovleg bygging	12
<b>KAP 5 FORUREINING</b>	<b>13</b>
§ 5-1 Løyve til utslepp frå privat avlaupsanlegg	13
§ 5-2 Søknad om utslepp for fleire einingar	13
§ 5-3 Tilsyn og kontroll med private avlaupsanlegg og forureining	13
§ 5-4 Handsaming av tiltaksplan for forureina grunn	13

<b>KAP 6 FORVALTNINGSOPPGÅVER ETTER MATRIKKELLOVA § 32, JF.</b>	
<b>MATRIKKELFORSKRIFTA § 16</b>	14
§ 6-1 Oppretting av matrikkeleining	14
§ 6-2 Grensejustering	15
§ 6-3 Arealoverføring	15
§ 6-4 Klarlegging av eksisterande grenser eller eigedomsrettar	15
§ 6-5 Gebyr etter brukt tid	16
§ 6-6 Unntak for tidsfrist for gjennomføring av oppmålingsforretning	16
§ 6-7 Unntak for oppmåling av grunneigedom og festegrunn over 100 dekar	16
§ 6-8 Matrikkelbrev	16
<b>KAP 7 KONSESJONSSAKER</b>	17
§ 7-1 Søknad etter konsesjonslova §§ 2 og 3	17
<b>KAP 8 ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR § 7</b>	
§ 8-1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom	17
<b>KAP 9 DIVERSE GEBYR</b>	17
§ 9-1 Oreigning	17
§ 9-2 Refusjon jf. pbl § 18	18

## **KAP 1 GENERELLE FØRESEGNER**

Gebyr med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 33-1, matrikkellova § 32, eigarseksjonslova § 7, forureiningslova §§ 34 og 52a, forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2, jordlova § 12 og konsesjonslova §§ 2 og 3.

### **§ 1-1 GEBYRFASTSETJING**

Gebyr er basert på sjølvkostprinsippet. Sjølvkost kan definerast som «*den merkostnad kommunen påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste.*»

### **§ 1-2 BETALINGSPLIKT**

Den som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr. Gebyret vert fakturert til tiltakshavar/forslagsstillar/bestillar. Vi forhold oss til éin tiltakshavar/forslagsstillar/bestillar og send éin faktura. Ved fleire tiltakshavar/forslagsstillar/bestillar vert desse rekna som solidarisk ansvarleg for gebyret.

Det fastsette gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring, til dømes ved endring etter klage på vedtak, refusjon eller eventuell søknad om redusert gebyr eller ved klage på gebyr. Saker som etter matrikkelloven krev løyve/vedtak for å kunne gjennomførast, vert ikkje rekna som framsett før slike føresetnader ligg føre.

### **§ 1-3 TIDSPUNKT FOR GEBYRFASTSETJING**

Gebyret vert fastsett etter gjeldande gebyrregulativ frå den dato komplett søknad ligg føre hos Sund kommune.

### **§ 1-4 BETALINGSTIDSPUNKT**

Gebyr for ulike sakstypar vert fakturert slik:

#### **§ 1-4-1 PRIVATE DETALJREGULERINGSPLANAR**

**Private planar:** Ved innsending av privat forslag til detaljreguleringsplan vert gebyret fakturert når det ligg føre komplett planforslag. Planforslaget vert ikkje lagt ut til offentleg ettersyn før gebyret er betalt. I saker som vert avslutta før fullstendig planforslag ligg føre eller før offentlig ettersyn, vert gebyret fakturert når saka avsluttast. Eventuell restbetaling eller tilbakebetaling vert rekna etter at vedtaket er utstedt.

**Prinsipp saker:** Gebyr vert fakturert når saka er sendt til politisk handsaming eller saka er trekt. I andre saker vert gebyret fakturert når det er gjort vedtak i saka, eller når saka vert avslutta på annan måte.

**Oppstartsmøter og undervegs møter:** Gebyr vert fakturert når møtet er gjennomført.

**Refusjonssaker:** Kommunen kan krevje at inntil 20.000,- vert betalt på førehand og resten etter kvart som arbeidet er utført og dokumentert.

## **§ 1-4-2 BYGGJESAKER**

**Førehandskonferanser:** Gebyr vert fakturert etter at førehandskonferanse er gjennomført.

**Byggje- og delesaker:** Gebyret vert fakturert når det er fatta vedtak i saka. Ved klage i byggje/delesaker vert ikkje betalingsfristen utsett.

**Seksjoneringsaker:** Gebyr vert fakturert når vedtak er fatta.

**Dispensasjonar:** Gebyr for handsaming av dispensasjonssøknad vert fakturert uavhengig av avslag eller godkjenning. Gebyr vert fakturert når vedtak er fatta.

## **§ 1-4-3 SAKER ETTER MATRIKKELLOVA**

Før innkalling og gjennomføring av oppmålingsforretning skal tilhøyrande gebyr vera betalt. I saker som utløyser dokumentavgift må denne vere betalt før saka vert sendt til tinglysing. Dette gjeld også i saker med utsett oppmålingsforretning.

Dersom rekvirenten gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføringa medan saka er under arbeid, vert gebyret oppretthalde, eventuelt auka.

Dersom andre enn rekvirenten skal ha rekning på gebyret, må det føreliggje skriftleg avtale mellom rekvirent og den som skal ha rekningsoppgåva.

## **§ 1-5 AVSLAG**

Saka vert å sjå som avslutta dersom det ikkje er sendt endring/klage innan klagefristen sitt utløp.

Ved avslag i byggje- og delesaker etter plan- og bygningslova vert det fastsett eit gebyr på 50 % av ordinært gebyr.

Ved avslag etter plan- bygningslova kap. 19 (dispensasjonar) skal det betalast fullt gebyr. Gebyr for godkjenning av ansvarleg søker vert fakturert uavhengig av avslag eller godkjenning.

Gebyr for ansvarsrett vert ikkje redusert ved avslag.

## **§ 1-6 SØKNADER SOM VERT TREKT ELLER RETURNERT**

For byggjesøknader, plansaker og seksjoneringssøknader som vert returnert ubehandla som følgje av manglande dokumentasjon, vert det ikkje fastsett gebyr.

### **§ 1-6-1 BYGGJESAK OG SEKSJONERING**

Ved skriftleg tilbaketrekking av ei sak før den er ferdig handsama, skal det betalast 50 % av fullt gebyr.

### **§ 1-6-2 DELINGSSAK**

Ved skriftleg tilbaketrekking av ei sak før den er ferdig handsama, skal det betalast 2.000,-. Det same gjeld når ei sak må avsluttast som uaktuell, som følgje av manglande oppfølging av saka frå søkar/tiltakshavar.

### **§ 1-6-3 SAKER ETTER MATRIKKELLOVA**

For utført arbeid når ei sak etter matrikkellova vert trekt før den er fullført, eller av andre grunnar ikkje kan matrikkelførast skal det betalast 1/3 av gebyret. Vert saka avbroten eller trekt etter at det halden oppmålingsforretning skal det betalast 2/3 av gebyret.

### **§ 1-6-4 PRIVATE DETALJREGULERINGSPLANAR**

Ved skriftleg tilbaketrekking av komplett detaljreguleringsforslag før saka er meldt opp til politisk handsaming, vert gebyret fastsett til 50 % av ordinært gebyr. Det same gjeld når ei sak må avsluttast som uaktuell, som følgje av manglande oppfølging av saka frå forslagsstiller. For detaljreguleringsforslag som er ferdig førebudd og meldt opp til politisk handsaming, vert gebyret fastsett til 75 % av ordinært gebyr.

## **§ 1-7 URIMELEGE GEBYR**

Dersom gebyret kan seiast å bli openbart urimeleg i forhold til det arbeid og dei kostnader kommunen har hatt med saka, kan det fastsetjast eit passende gebyr.

Søknad om reduksjon i gebyr etter denne paragraf må grunngjevast. Søknad om nedsetting av gebyr utset ikkje betalingsfristen.

## **§ 1-8 KLAGE**

Gebyrregulativet er ei forskrift fastsett av Sund kommunestyre og kan ikkje klagast på.

Avslag på søknad om reduksjon i gebyr etter gebyrregulativet § 1-7 kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

## **§ 1-9 GEBYR FOR SAKKUNNIG BISTAND**

Kommunen kan i særlege høve rekvirere sakkunnig bistand for å få gjennomført naudsynt tilsyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 33-1 jf § 25-2 andre avsnitt. I slike tilfelle vil tiltakshavar bli fakturert for kommunen sine utgifter knytt til sakkunnig bistand.

## **§ 1-10 REDUKSJON I GEBYR FOR KOMPLETT SØKNAD**

Basisgebyret vert redusert med 25 % i byggje- og delesaker etter plan- og bygningslova, der søknaden er komplett første gong den kjem inn til kommunen.

## **§ 1-11 GEBYR FOR TID SOM ER BRUKT (EIGNE SATSAR FOR SAKER ETTER MATRIKKELLOVA, KAP. 6).**

For gebyr som ikkje vert fastsett på annan måte, eller som skal utreknast etter brukt tid jf. regulativet, skal følgjande timesatsar nyttast:

Timesats for kontorarbeid	kr. 925,-
Timesats for feltarbeid inklusive transport, utstyr og materiell	kr. 1157,-

## KAP 2 PRIVATE PLANFORSLAG

Handsaming av planforslag vert belasta med gebyr. I tillegg til gebyr for handsaming av planforslag vert det belasta gebyr for oppstartsmøte/undervegsmøte, i tillegg til eventuell handsaming av prinsippsak eller planprogram med konsekvensutgreiing. For detaljar sjå kapittel 1, generelle føresegner.

### § 2-1 OPPSTARTSMØTE OG UNDERVEGSMØTE JF. PBL § 12-8

Skildring	Gebyr
For kvart oppstartsmøte/undervegsmøte	4.943,-

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 månader etter oppstartsmøte, vert saka avslutta og nytt oppstartsmøte må verte held før kunngjering av planoppstart. Tilsvarande gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 1 år etter oppstartsmøte. Det kjem gebyr for nytt oppstartsmøte.

### § 2-2 PRINSIPPSAK OM REGULERINGSSPØRSMÅL JF. PBL 12-8

Skildring	Gebyr
Sak til Forvaltningsstyret - Planutval om å gi råd i ei detaljregulerings sak etter pbl § 12-8	21.033,-

### § 2-3 REGULERINGSPLAN, DETALJREGULERING JF. PBL §§ 12-3, 12-10 OG 12-11

Det er fastsett gebyr etter planområdets areal:

Skildring	Gebyr
For areal inntil 20.000 m <sup>2</sup>	84.132,-
For areal frå og med 20.001 m <sup>2</sup> til og med 50.000 m <sup>2</sup>	126.198,-
For areal over 50.000 m <sup>2</sup> vert det rekna eitt tillegg pr. 1000 m <sup>2</sup>	1.051,-

Dersom kommunen krev at forslagsstillars planområde vert utvida utover det som er naudsynt for å vurdere konsekvensar av planforslaget, skal den utvidinga ikkje verte teke med ved fastsetjing av gebyr. Kommunen avgjer kva areal som eventuelt kan trekkjast ut.



#### § 2-4 NY HANDSAMING AV REVIDERT PLANFORSLAG

Skildring	Gebyr
Dersom eitt planforslag har vore avvist av kommunen etter pbl § 12-11 og nytt revidert planforslag innanfor det same planområdet vert lagt fram til ny handsaming skal det verte betalt gebyr for det reviderte planforslaget	Gebyret vert fastsett til 100 % av ordinært gebyr.

#### § 2-5 MINDRE ENDRING I REGULERINGSPLAN JF. PBL § 12-14

Skildring	Gebyr
Mindre endring (politisk handsaming)	27.317,-

#### § 2-6 SMÅ ENDRINGAR JF. PBL § 12-14

Skildring	Gebyr
Små endringar (administrativ handsaming)	8.413,-

#### § 2-7 PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING JF. PBL KAP 4.

Skildring	Gebyr
I dei høve der kommunen er ansvarleg mynde i høve forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova, skal det for handsaming av planprogram og konsekvensutgreiingar betalast gebyr	105.165,-
Handsaming av planprogram i høve forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova	21.033,-

#### § 2-8 TILLEGGSGBYR VED ENDRING AV PLANFORSLAG

Skildring	Gebyr
Endring av komplett planforslag frå forslagsstillar etter at forslaget er sendt til politisk handsaming	25 % tilleggsgebyr av berekna gebyr

## § 2-9 AVSLUTNING AV PLANFORSLAG

Føresegna gjeld for avslutning av planforslag, enten etter skriftleg tilbaketrekking, eller som følgje av manglande oppfølging frå forslagsstillar.

Skildring	Gebyr
For komplett planforslag før saka er meldt opp til politisk handsaming	50 % av fullt gebyr
For plansak som er ferdig førebudd og meldt opp til politisk handsaming	75 % av fullt gebyr

## KAP 3 DELING AV EIGEDOM

### § 3-1 DELINGSSØKNAD ETTER JORDLOVA § 12

Skildring	
Søknader om deling etter jordlova	2.052

### § 3-2 DELINGSSØKNAD ETTER PBL § 20-1 bokstav m

Skildring	
Søknader i regulert område der grenser er fastsett i plan, pr. tomt. For søknad om frådelling av fleire tomtar i same reguleringsplan og i same søknad, kan samla gebyr ikkje overstige 17.000,-	3.470
Søknader i regulert område der grenser ikkje er fastsett i plan, pr. tomt. For søknad om frådelling av fleire tomtar i same reguleringsplan og i same søknad, kan samla gebyr ikkje overstige 21.000,-	4.943
Søknad om deling av ein parsell i uregulert område	12.233
I uregulerte områder vert det ved søknad om deling av fleire parsellar frå same eigedom i same søknad, fakturert halvt gebyr av grunngbyret frå og med tomt nr 2.	6.115
Søknad om tilleggsareal opp til 250 m <sup>2</sup>	7.593
Ved skriftleg tilbaketrekking av ei sak før den er ferdig handsama, skal det betalast gebyr. Det same gjeld når ei sak må avsluttast som uaktuell, som følgje av manglande oppfølging av saka frå søkar/tiltakshavar.	2.103

Dersom søknad etter pbl. § 20-1 m krev dispensasjon frå lov eller plan, kjem gebyr for dette i tillegg.

## KAP 4 BYGGJESAKER

### § 4-1 FØREHANDSKONFERANSE

Førehandskonferanse om søknadspliktige tiltak	1.788
---	-------

### § 4-2 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK SOM KAN UTFØRAST AV TILTAKSHAVAR, JF. PBL § 20-4

Basisgebyr	2.960
------------	-------

### § 4-3 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK MED KRAV OM ANSVARLEG FØRETAKE, JF. PBL § 20-3

§ 4-3-1 Bustadbygging	
Einebustad, fritidsbustad	12.235
Einebustad med hybel-/sokkelleilegheit	14.192
Tomannsbustad	14.192
Bustadbygg med fleire brukseiningar, første brukseining	12.235
- Tillegg pr. ekstra brukseining	6.117
Tilbygg og påbygg	5.937
Innvendig ombygging	5.937
Uthus: garasje/naust/andre uthus	5.937
Tilbygg og påbygg til uthus	3.558

§ 4-3-2 Andre tiltak til bustad eller fritidsbustad	
Basisgebyr	5.140

§ 4-3-3 Byggtekniske installasjonar	
Basisgebyr	1.485

§ 4-3-4 Næringsverksemd og tenesteyting med vidare, herunder forretningsbygg, kontorbygg, industri, skule, barnehage, idrettsbygg, bygg for trussamfunn og liknande	
Pr. påbegynt   100 m2 BRA	5.937
Tilbygg og påbygg, pr. påbegynt 100 m2	2.972
Andre tiltak, herunder ombygging mv	2.972
Maksimumsbeløp	297.180

§ 4-3-5 Bruksendring	
Bustad og fritidsbustad	3.621
Næringsverksemd mv	5.532
Anna	2.972
Søknad om fråvik frå TEK 10 jf. pbl § 31-2, 4. avsnitt	5.937

<b>§ 4-3-6 Konstruksjonar og anlegg</b>	
Veg, parkeringsplass, støyvoll, bru, molo, va-anlegg og liknande	5.937
Terrenginngrep, basisgebyr	5.937
Støttemurar med høgde over 3 meter	5.937

<b>§ 4-3-7 Endringsøknader</b>	
Basisgebyr:	3.155
Ved endring av ansvarsrett skal det betalast halvt basisgebyr + gebyr for godkjenning av ansvarsrett etter § 4-3-8 (gjeld ikkje for ansvarsrett for nye områder)	

<b>§ 4-3-8 Godkjenning av ansvarleg søkjar, prosjekterande, utførande, kontrollerande for prosjektering og utføring.</b>	
Gebyr vert berekna for kvar ansvarsrett det vert søkt om	1.440
Der føretaket ikkje har sentral godkjenning, gjeld og for søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar	736

<b>§ 4-3-9 Igangsetjingsløyve</b>	
Basisgebyr	2.629

#### **§ 4-4 DISPENSASJONAR**

<b>§ 4-4-1 Dispensasjonar</b>	
Søknad om dispensasjon frå gjeldande planar, lover og forskrifter jf. Pbl kap. 19	13.146

#### **§ 4-5 ULOVLEG BYGGING**

##### Dersom:

- Tiltaket er i strid med dei krava som planen set, og det heller ikkje er søkt om.
- Tiltaket stettar krava i planen eller dispensasjon, men ikkje er søkt om.
- Tiltaket stettar krava i planen eller dispensasjon, men avvik vesentleg frå det som er gjeve løyve til.
- Rammeløyve er gjeve, men ikkje løyve til igangsetjing av det som er utført.
- Løyve til igangsetjing er gjeve, men tiltaket vert utført av andre enn dei som er gjeve ansvarsrett.
- Mellombels bruksløyve eller ferdigattest er gjeve, men tiltaket vert brukt i strid med løyve.
- Bruk av tiltak utan at det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

...vert det kravd eit tilleggsgebyr på inntil 100 % av fullt handsamingsgebyr. Dette for å dekke meirkostnaden ved ekstraarbeidet som ulovleg bygging medfører. Det vert ikkje gjeve reduksjon i gebyret ved avslag. I tillegg til dette kan det verte aktuelt med reaksjonsformer i medhald av pbl kap. 32, derunder straffeansvar, tvangsmulkt, stans av arbeid m.m.

## KAP 5 FORUREINING

<b>§ 5-1 Løyve til utslepp frå privat avlaupsanlegg</b>	
Løyve til utslepp frå privat avlaupsanlegg, jf. forureiningsforskrifta §§ 12-3, 13-3 og 15-3, jf. § 11-4, jf. forureiningsforskrifta § 52a.	3.891,-
<b>§ 5-2 Søknad om utslepp for fleire einingar</b>	
Når det vert søkt om løyve til utslepp frå fleire einingar på same avlaupsanlegg, vert det kravd ekstra gebyr per eining frå og med eining nr. 2. Samla gebyr kan likevel ikkje overstige 22.000,-	1.578,-
<b>§ 5-3 Tilsyn og kontroll med private avlaupsanlegg og forureining</b>	
Tilsyn og kontroll med private avlaupsanlegg og forureining. I sakar der tilsynet/kontrollen avdekkar brot på forureiningslova med forskriftar, og som medfører utferding av pålegg, vert gebyr fastsett etter medgått tid til oppfølging av saka, jf. forureiningslova § 52a.	925,- per time
<b>§ 5-4 Handsaming av tiltaksplan for forureina grunn</b>	
Handsaming av tiltaksplan for forureina grunn, jf. forureiningsforskrifta §§ 2-8 og 2-12, jf. forureiningslova § 52a.	4.206,-

## KAP 6 FORVALTNINGSOPPGÅVER ETTER MATRIKKELLOVA § 32, MATRIKKELFORSKRIFTA § 16

I tillegg til følgjande gebyr, vert det gjort merksam på at kommunen vil krevje dekkja naudsynte tinglygingsgebyr, og ev. dokumentavgift.

<b>§ 6-1      OPPRETNING AV MATRIKKELEINING</b>		
<b>§ 6-1-1</b>	<b>Oppretting av grunneigedom og festegrund</b>	<b>Gebyr</b>
	Areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	26 290
	Areal frå 251 – 750 m <sup>2</sup>	31 550
	Areal frå 751 - 2000 m <sup>2</sup>	36 805
	Areal frå 2001 m <sup>2</sup> kr 35.000,- + kr 2.500,- pr. påbegynt daa. Avgrensa til kr. 75.000,-	
	I ein rekvisisjon der fleire enn 5 tomter grenser til kvarandre vert det gitt 10 % rabatt frå tomt 1 til tomt 10, og 20 % rabatt frå tomt 11. Forutsetninga er at dei vert rekvirert og betalt samstundes og at arealet er tilrettelagt og ferdig opparbeid med vegar.	
<b>§ 6-1-2</b>	<b>Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn</b>	<b>Gebyr</b>
	Areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	2 500
	Areal frå 251 – 750 m <sup>2</sup>	5 000
	Areal frå 751 - 2000 m <sup>2</sup>	7 500
	Areal over 2000 m <sup>2</sup> medfører ei auke av gebyret på kr 500,- pr påbegynt dekar Avgrensa til kr. 10.000,-	
<b>§ 6-1-3</b>	<b>Oppmåling av uteareal på eigarseksjon</b>	<b>Gebyr</b>
	Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon	
	Areal frå 0 – 50 m <sup>2</sup>	21 035
	Areal frå 51 – 250 m <sup>2</sup>	26 290
	Areal frå 251 – 750 m <sup>2</sup>	31 550
	Areal frå 751 - 2000 m <sup>2</sup>	36 805
	Areal over 2000 m <sup>2</sup> medfører ei auke av gebyret på kr 2.500,- pr påbegynt dekar Avgrensa til kr. 75.000,-	
<b>§ 6-1-4</b>	<b>Oppretting av anleggseigedom</b>	<b>Gebyr</b>
	Gebyr som for oppretting av grunneigedom.	
	Volum frå 0 – 2000 m <sup>3</sup>	36 805
	Volum frå 2001 m <sup>3</sup> – medfører ei auke av gebyret på kr 1.500,- pr. påbegynt 1000 m <sup>3</sup> Avgrensa til kr. 75.000,-	
<b>§ 6-1-5</b>	<b>Registrering av jordsameige</b>	
	Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.	
<b>§ 6-1-6</b>	<b>Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning</b>	
	Viser til 6.1.1, 6.1.2, 6.1.3 og 6.1.4. I tillegg vil det koma tilleggsgebyr pr matrikkeleining, også seksjonert uteareal, for å utføre oppmålingsforretning.	2 365

<b>§ 6-2 GRENSEJUSTERING</b>		
<b>§ 6-2-1</b>	<b>Grunneigedom, festegrunn og jordsameige</b>	<b>Gebyr</b>
	Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m <sup>2</sup> ). Ein eigedom kan ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklassar gjelde.	
	areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	10 515
	areal frå 251 – 500 m <sup>2</sup>	13 145
<b>§ 6-2-2</b>	<b>Anleggseigedom</b>	<b>Gebyr</b>
	For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av volumet, men den maksimale grensa er sett til 1000 m <sup>3</sup>	
	Volum frå 0 – 250 m <sup>3</sup>	10 515
	Volum frå 251 – 1000 m <sup>3</sup>	13 145

<b>§ 6-3 AREALOVERFØRING</b>		
<b>§ 6-3-1</b>	<b>Grunneigedom, festegrunn og jordsameige</b>	<b>Gebyr</b>
	Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.	
	Areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	21 035
	Areal frå 251 – 750 m <sup>2</sup>	26 290
	Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m <sup>2</sup> medfører ei auke av gebyret på kr 1.500,- Avgrensa til kr. 75.000,-	
<b>§ 6-3-2</b>	<b>Anleggseigedom</b>	<b>Gebyr</b>
	For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, - ikkje være registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ein matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eitt samanhengande volum.	
	Volum frå 0 – 250 m <sup>3</sup>	21 035
	Volum frå 251 – 500 m <sup>3</sup>	26 290
	Volumoverføring pr. nytt påbegynt 500 m <sup>3</sup> medfører ei auke av gebyret på kr 1.500,- Avgrensa til kr. 65.000,-	

<b>§ 6-4 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSER ELLER EIGEDOMSRETTAR</b>		
<b>§ 6-4-1</b>	<b>Der grensepunkta tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning</b>	<b>Gebyr</b>
	For inntil 2 punkt	7 890
	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	790
<b>§ 6-4-2</b>	<b>Der grensa ikkje er koordinatbestemt tidlegare</b>	<b>Gebyr</b>
	For inntil 2 punkt	7 890
	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	1 050

<b>§ 6-4-3</b>	<b>Privat grenseavtale</b>	<b>Gebyr</b>
	For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	3 155
	For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	1 580
	Alternativt kan gebyr fastsetjast etter medgått tid.	
	Billigaste alternativ for rekvirent skal veljast.	
<b>§ 6-4-4</b>	<b>Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.</b>	

<b>§ 6-5</b>	<b>GEBYR ETTER BRUKT TID</b>	<b>Gebyr</b>
<b>§ 6-5-1</b>	Feltarbeid målelag pr time	1 575
<b>§ 6-5-2</b>	Feltarbeid, einskild person pr time	1 155
<b>§ 6-5-3</b>	Kontorarbeid pr time	925
	Minstepris markarbeid	3 155
	Minstepris kontorarbeid	2 100

<b>§ 6-6</b>	<b>UNNTAK FOR TIDSRIST FOR GJENNOMFØRING AV OPPMÅLINGSFORRETNING</b>	
	Tidsfristen som er sett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd gjeld ikkje i perioden 1.desember til 1.april. (Med heimel i Matrikkelforskrifta 26.juni 2009 nr.864 § 18 tredje ledd).	
<b>§ 6-7</b>	<b>UNNTAK FOR OPPMÅLING AV GRUNNEIGEDOM OG FESTEGRUNN OVER 100 DEKAR</b>	
	Areal over 100 dekar kan opprettast utan at alle grenser vert merka og målt. Areal dette gjeld må i hovudsak vera frådelt til LNF-føremål. Unntaket gjeld ikkje for areal som er tenkt nytta til utbyggingsformål t.d. bustadområde. Unntaket gjeld heller ikkje grenser mot bustadareal, fritidsbustader eller anna bebyggelse. (Med heimel i Matrikkelforskrifta 26.juni 2009 § 42) Det vert rekna tillegg pr. grensepunkt som må klarleggjast i samsvar med pkt. 5.5 og 5.6.	

<b>§ 6-8</b>	<b>MATRIKKELBREV</b>	<b>Gebyr</b>
	Matrikkelbrev inntil 10 sider	175
	Matrikkelbrev over 10 sider	350
	Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga	



## KAP 7 KONSESJONSSAKER

### § 7-1 SØKNAD ETTER KONSESJONSLOVA §§ 2 OG 3

Skildring	Gebyr
Gebyr for arbeid etter konsesjonslova	5.000

## KAP 8 ARBEID ETTER LOVA OM EIGARSEKSJONAR § 7

### § 8-1 KRAV OM SEKSJONERING ELLER RE-SEKSJONERING AV EIN EIGEDOM

Merk: Staten fastset desse gebyra. Eventuelle endringar i desse, og når dette vert iverksett, har kommunane ikkje høve til å påverke. Det kan såleis skje endringar som ikkje fell saman med kommunen sine egne vedtak om endringar.

§ 8-1 Krav om seksjonering eller re-seksjonering av ein eigedom		Gebyr
a. Sak utan synfaring	Timesats	§ 1-11
b. Sak med synfaring	Timesats	§ 1-11

## KAP 9 DIVERSE GEBYR

### § 9-1 OREIGNING

I saker som gjeld oreigning til fordel for private rettssubjekt i høve til plan- og bygningslova § 16-2 og § 16-5 skal søkjaren, i samsvar med oreigningslovas § 15, første avsnitt, og i samsvar med faktura frå kommunen, betale alle kommunen sine nødvendige utgifter i saka, irekna utgifter til juridisk bistand, og også tilsvarande utgifter til mogeleg etterfølgjande oreigningsskjønn kor kommunen er saksøklar, om kommunestyret bestemmer det. Kommunestyret tar standpunkt til dette spørsmålet, og om søkjaren skal stille bankgaranti for sine nemnte forpliktingar, samtidig som kommunestyret tar standpunkt til oreigningsspørsmålet. Kommunestyret kan vedta at søkjaren skal betale slike utgifter som nemnt, uavhengig av om kommunestyret fattar vedtak om oreigning og også uavhengig av om vedtaket eller det eventuelle påfølgjande oreigningsskjønnet seinare vert oppheva som ugyldig.

## § 9-2 REFUSJON JF. PBL § 18

<b>Skildring</b>	<b>Gebyr</b>
Vert fastsett etter brukt tid i høve timesatsane i § 1-11	Timesats § 1-11
Kommunen kan krevje at inntil 20.000,- vert betalt på førehand og resten etter kvart som arbeidet er utført og dokumentert.	Inntil 20.000,- på førehand